# ALLE PÅGÅENDE OG GJENNOMFØRTE UTVIKLINGSPROSJEKTER I LÆRINGSNETTVERKET FOR BARNEVERN I VESTLAND

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Fargekodar om føremålet med prosjektet:** | **Auke kvaliteten på fosterheimsarbeidet** | **Betre kvalitet og kompetanse i sakshandsaminga** | **Tverrfagleg og betre samarbeid** | **Hjelpetiltak i barnevernstenesta** |

| Prosjekt nummer: | Prosjekttittel: | Kommunane i prosjektet: | Samarbeid med kompetansemiljø: | Prosjektet starta opp: | Mål og innhald i prosjektet: | Kontaktpersonar: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **1.** | **Vestlandsmodellen for undersøkingar i barnevernssaker med høg konflikt mellom foreldre**<br><br>Prosjekt avslutta i 2023 | Vertskommune:<br>**Kvam**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Kvam, Bjørnafjorden, Voss og Øygarden | RKBU vest og Universitetet i Bergen - HEMIL senteret. | **2018 – 2023** | Hovudmålet med prosjektet var å utvikle ein modell for undersøkingar i saker med høg konflikt mellom foreldra. Målsettinga var å auke kvaliteten i undersøkingsarbeidet, bidra til meir like tenester og praksis og betre samarbeid med familievernkontora.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet: Utvikle, teste ut, evaluere, gje opplæring i modellen og implementere Vestlandsmodellen i prosjektkommunane. Gjere modellen kjent for dei andre kommunane i Vestland. Etablere samarbeide med masterstudentar ved Universitetet i Bergen, HEMIL-senteret kring relevante tema i arbeid med høgkonflikt saker.<br><br>Vestlandsmodellen for undersøkelse i barnevernssaker der barn lever i omfattende familiekonflikt | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Kjersti Kloløck<br>kjeklo@kvam.kommune.no<br><br>**Prosjektkoordinatorar:**<br>Annette Dahle Hegle<br>Annette.D.Hegle@voss.herad.no<br><br>Anne Heggland<br>anhl@bjornafjorden.kommune.no |
| **2.** | **Djupdykk i barnevernets sakshandsaming**<br><br>Prosjekt avslutta i 2020 | Vertskommune:<br>**Stryn**<br><br>Kommunar i prosjektgruppa:<br>Gulen, Masfjorden, Sogndal og Høyanger | Høgskolen på Vestlandet | **2018 - 2020** | Fagsamlingar på to dagar for alle tilsette i barnevernstenestene i Sogn og Fjordane. Eit overordna mål for prosjektet var å utvikle ein felles norm for vårt skriftlege arbeid ut i frå gjeldande reglar om dokumentasjonskrav. Fokus på innhaldet i dokumenta våre, der barnets beste, medverknad, barnevernsfagleg argumentasjon og grunngjeving er stikkord. | Barnevernsleiar i vertskommunen:<br>Rita Veamyhr<br>Rita.veamyhr@stryn.kommune.no |
| **3.** | **Dokumentasjon av barnesamtalen**<br><br>Prosjekt avslutta i 2020 | Vertskommune:<br>**Bergen**<br><br>Kommunar i prosjektgruppa:<br>Kvinnherad, Masfjorden og Gulen | Høgskolen på Vestlandet | 2018 - 2020 | I 2019 vart alle kommunane i Hordaland invitert til å ta i bruk eit verktøy for dokumentasjon av samtalar med barn i barnevernet. Kommunane som ønskte å delta fekk tilbod om opplæring, hjelp til implementering og evaluering. Prosjektgruppa arrangerte ein fagdag knytt til «Barnets stemme i barnevernet». Alle kontaktpersonar i barnevernstenestene vart inviterte til fagdagen. | **Kontaktperson i vertskommunen:**<br>Bergen kommune, etat for barn og familie |
| **4.** | **Fagleg fellesskap på tvers av kommunegrenser**<br><br>Prosjekt avslutta i 2023 | Vertskommune:<br>**Kvinnherad**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Kvinnherad, Austevoll og Tysnes | Høgskulen på Vestlandet og RKBU vest, Universitetet i Bergen og Forandringsfabrikken | **2019 – 2023** | Hovudmålet<br>Var å auke kompetansen for å identifisere barn i risiko og gje rett hjelp til rett tid. Dette gjennom (delmål) sikre trygge tenester, god praksis av analyse og vurdering, fagleg forsvarleg dokumentasjon i sakshandsaming, auka kunnskap om traumebevisst praksis, og at barn og familiar er involvert og har medverknad.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet: Samlingar for barnevernstenestene i heile Vestland fylke, fysisk samling for dei tre kommunane og digital samling for resten, gruppesamlingar/øvingar der hovudfokus var å øve på analyse og vurdering ved bruk av case, kor vi gjekk inn på spesifikke tema vi trong meir kunnskap om. Prosjektkommunane har delteke i Kvinnherad sitt prosjekt "vi ser, vi handlar" og interne samlingar i kvar kommune for å arbeide med implementering av nye arbeidsmåtar.<br><br>Fagleg fellesskap på tvers av kommunegrenser | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Linda Liabø Gråfe<br>Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **5.** | Saman om å støtte barns utvikling i fosterheim<br><br>Prosjekt avslutta i 2021 | Vertskommune: Bergen<br><br>Kommunane i prosjektgruppa: Bergen, Alver og Askøy | Bufetat region vest og RKBU vest | 2019 - 2021 | Hovudmålet var å auke støtta til barn som er flytta i fosterheim gjennom fokus på barnets behov, fosterforeldras omsorgsprofil og samspelet mellom kommunane og Bufetat i oppfølginga av fosterheimen. Styrke kvaliteten på oppfølginga og tiltaka me gjev, målretta og differensiert rettleiing og oppfølging av fosterforeldre. Redusere talet på utilsikta flyttingar frå fosterheim. Ivareta barnas behov for kontakt med biologisk familie.<br><br>• Utarbeide forenkla verktøy for arbeid med barnets historie • Utarbeide rutine for å ivareta kartlegging av barnets psykiske helse i prosess • Utarbeide og kvalitetssikre samarbeidsrutine mellom barnevernsteneste og fosterheimsrettleiar, inkludert fosterbarnets medverking • Opplæring i generell grupperettleiing ved "Veilederskolen", Trygg Base og TBO- F<br>• Utarbeide en struktur for arbeidet rundt førsteårsgrupper<br>Utarbeide en struktur for felles kurs og temakveldar for fosterforeldre<br>• Utarbeide og kvalitetssikre | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Anita Fonnes<br>Anita.Fonnes@bergen.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Anne-Tove Boga<br>anne.boga@bergen.kommune.no |
| **6.** | **Styrking av fosterheimsarbeidet** | Vertskommune: **Haugesund**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa<br>Haugesund, Utsira, Karmøy, Bokn. Tysvær, Sveio, Etne, Vindafjord, Suldal og Sauda | RKBU Vest og Bufetat | **2019 -** | Hovudmålet er å redusere talet på utilsikta flyttingar, med delmål å i større grad sikra kvaliteten på oppfølginga av den einskilde fosterheimen.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet:<br>• Utarbeide, pilotere og implementere «Ein god start» for fosterforeldre<br>• Utarbeide og sette i verk «Vegen vidare» for barnets foreldre<br>• Lage innhald til fire årlege fosterheimskveldar<br>• Lage innhald til fosterheimskveldar for kontaktpersonar og rettleiarar<br>• Samarbeide med Bufetat og få overført kompetanse om opplæring, rettleiingsgrupper og kurs til fosterforeldre og barn som har fostersøsken<br>• «Ein god start» og «Ein ny start» gjerast tilgjengeleg for fleire, og testast ut i to nye kommunar<br>• Lage en oppfølgingspakke til barnet i fosterheimen og til barnehage/skole.<br>• «Ein god start» skal evaluerast i samarbeid med RKBU og Universitet i Bergen<br><br>Styrking av fosterhjemsarbeidet | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Liv Kjersti Kvalevaag<br>liv.kjersti.kvalevaag@haugesund.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Owe Myklebust<br>owe.myklebust@haugesund.kommune.no |
| **7.** | **PMTO – grupperettleiing for fosterforeldre**<br><br>Prosjekt avslutta i 2021 | Vertskommune: **Kvinnherad**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Bømlo | NUBU | **2020-2021** | Hovudmålet for prosjektet var å utdanne 4 PMTO terapeutar i kommunane som skal ha ansvaret for rettleiing til fosterforeldre. Styrke TIBIRtilbodet i begge kommunane. Heve kvaliteten på oppfølging og rettleiing til fosterfamiliane. Starte gruppesamlingar for fosterforeldre i PMTO. | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Linda Liabø Gråfe<br>Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>monika.hoyer.haugland@kvinnherad.kommune.no |
| **8.** | **Implementering av PÅ GOLVET**<br><br>Prosjekt avslutta i 2021 | Vertskommune:<br>Gulen<br><br>Kommunen i prosjektgruppa:<br>Gulen, Masfjorden, Høyanger, Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund (HAFS barnevernsteneste). | RKBU Vest og Sandnes barnevernsteneste | **2020-2021** | Hovudmålet var å auke kompetanse og tiltak på eit førebyggande nivå. Målet vårt var at brukarane våre skal få eit betre førebyggande tiltak så tidleg som mogeleg hjå dei yngste. Prosjektet skal og bidra til felles rettleiing og vidareutvikling i samarbeidskommunane, både for barnevernstenesta og helsestasjonane. Ved å invitere helsesjukepleiarane med inn i prosjektet, ønska ein å styrke kommunen sitt tilbod til foreldre og barn som treng det.<br><br>Modellen «På golvet» har tydlegast fokus på dei minste borna 0-2 år, men prosjektet ville og bidra til at tenestene fekk ein meir generell kompetanse til anna rettleiing, og styrke kommunane sitt samarbeid. «På golvet» er ein praktisk kartlegging – og rettleiingsmetode som er utvikla av Sandnes barnevernsteneste.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet Barnevernsleiar i vertskommunen: Jane Hesjedal jane.hesjedal@gulen.kommune.no Prosjektleiar: Silje.Myklebust@fjaler.kommune.no 3 Opplæringsdagar, øving og så oppfølging av Sandnes og RKBU for å integrere modellen. | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Jane Hesjedal<br>jane.hesjedal@gulen.kommune.no<br><br>Prosjektleiar:<br>Silje.Myklebust@fjaler.kommune.no |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **9.** | **Betre hjelpetiltak i barnevernet – fokus på foreldrerettleiing**<br><br>Prosjekt avslutta i 2023 | Vertskommune:<br>**Stad**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Stad, Gloppen og Stryn | Høgskulen på Vestlandet og RKBU Vest | **2020-2023** | Hovudmålet for prosjektet var å betre hjelpetiltaksarbeidet gjennom å heve kompetansen til tiltaksarbeidarane gjennom rettleiing, etablering av fagnettverk og gjennomføring av fagdagar. Prosjektet tar òg mål av seg å bidra til å styrka arbeidet med rettleiing til fosterforeldre og oppfølging av foreldre som har mista omsorga for sine barn.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet:<br>• Etablere fagnettverk for tiltaksarbeidarar<br>• Organisere kurs/ konferanse for tiltaksarbeidarar<br>• Etablere rettleiingsordningar for tiltaksarbeidarane<br>• Knytte og vedlikehalde kontakt mellom kommunale tiltaksteam og relevante kompetansemiljø.<br><br>Betre hjelpetiltak i barnevernet – fokus på foreldrerettleiing | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Britt Remme<br>Britt.remme@stad.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Marita Nesje<br>marita.nesje@gloppen.kommune.no |
| **10.** | **Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep** | Vertskommune:<br>**Kvinnherad**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa<br>Kvinnherad, Ullensvang | RVTS Vest og Krisesenter Vest IKS, Statens Barnehus i Bergen, Kvinnherad politistasjon | **2020 -** | Hovudmålet med prosjektet er å auke kunnskap om vald og overgrep i kommunal barnevernsteneste, og andre tenester som arbeider med barn og unge i kommunane – mål om betre tidleg innsats og auka rettstryggleik for barn og unge. Utvikla ein god modell for hjelpetiltak til barn og familiar der det er mistanke/avdekka vald eller seksuelle overgrep, slik at barn får rett hjelp til rett tid og ein modell for korleis ein skal sikre god gjenforeining mellom barn og foreldre, og mellom familie og ulike tenester, etter tilrettelagt avhøyr på barnehuset.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet: Kompetanseheving til tilsette i kommunen, og plan for informasjonsarbeid inn mot barn og unge og frivillige organisasjonar. Utvikle gode hjelpetiltak til barn og familiar, der det er mistanke om eller avdekka vald og seksuelle overgrep. Utvikle, teste ut og implementere ein modell for gjenforeiningsmøte etter avdekking/tilrettelagt avhøyr på barnehuset.<br><br>Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Linda Liabø Gråfe<br>Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Vigdis Anne Dyrkolbotn<br>Vigdis.anne.dyrkolbotn@kvinnherad.kommune.no<br><br>**Prosjektmedarbeidar:**<br>Isabella Helland<br>isabella.helland@ullensvang.kommune.no<br><br>Vibeke Lynghammer<br>vibeke.lynghammer@ullensvang.kommune.no |
| **11.** | **Den gode fosterheimen**<br><br>Prosjekt avslutta i 2023 | Vertskommune:<br>**Sunnfjord**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa<br>Sunnfjord, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Solund, Hyllestad, Masfjorden og Gulen | Bufetat og Høgskulen på Vestlandet. | **2020 - 2023** | Hovudmålet med prosjektet var å sikre kvalitet og oppfølging av fosterheimane, og å redusere talet på utilsikta flyttingar med dei påkjenningane dette fører til for barna det gjeld. Prosjektet hadde også mål om å styrka samarbeidet, utvikle og styrke fagmiljøet på tvers av kommunegrensene.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet: Kartlegging av dei ulike kommunane sine behov for oppfølging og rettleiing av fosterheimar. Planlegge og delta på fagsamlingar og tilrettelegge og gjennomføre opplæring av fosterfamiliar og dei tilsette som arbeidar med fosterheimsarbeid. Opplæring i TBO-F og Trygg base. Arrangerte felles samling for alle fosterheimane våre med mål om fagleg påfyll og etablere ein arena for å treffe andre fosterheimar og dele erfaring.<br><br>Den gode fosterheimen | **Ass. einingsleiar og prosjektleiar i vertskommunen:**<br>Monica Loen-Grov<br>Monica.loen-grov@sunnfjord.kommune.no |
| **12.** | **Utvikling av eit robust kvalitetssikkert fosterheimsarbeid i Hardanger og Voss regionen** | Vertskommune:<br>**Voss**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa<br>Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss og Kvam | Bufetat | **2020 -** | Hovudmålet med prosjektet er å utvikle eit robust og kvalitetssikkert fosterheimsarbeid i Hardanger- og Voss-region.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet: Få opplæring og ta i bruk Trygg Base og TBO-F i egne tenester Utvikling av gode rutinar i rekruttering og opplæring av nye fosterheimar og vedlikehald Fellessamlingar for fosterforeldre og fosterbarn. Tilby Emosjonsfokusert ferdigheitstrening for foreldre (EFST) og COS-kurs til fosterheimar og biologiske foreldre. Etablere nettverk for biologiske foreldre, og fosterforeldre.<br><br>Utvikling av eit robust kvalitetssikkert fosterheimsarbeid | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Elin Rullestad Fossåen<br>elin.fossaaen@ullensvang.no<br><br>**Prosjektkoordinator:**<br>Annette Dahle Hegle<br>Annette.D.Hegle@voss.herad.no<br><br>**Prosjektmedarbeidar:**<br>Kari-Anne Kvestad<br>kari-anne.kvestad@ullensvang.kommune.no |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **13.** | **Til fosterbarnets beste – saman om å styrke fosterheim og biologisk heim** | Vertskommune:<br>**Stord**<br><br><u>Kommunane i prosjektgruppa</u><br>Bjørnafjorden, Stord, Bømlo og Fitjar (Sunnhordaland interkommunale barnevernsteneste) | Bufetat, RVTS Vest og Tusmo | **2020 -** | <u>Hovudmålet</u> med prosjektet er å sikra fosterbarn/flytta barn eit heilskapleg tilbod med høg kvalitet gjennom å styrkja samarbeidet mellom fosterforeldre, biologiske foreldre og barneverntenesta ved å utvikle og implementere rutinar for tettare oppfølging, rettleiing og kompetanseheving hjå alle partar.<br><br><u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Fagdagar for fosterforeldre/biologiske foreldre/tilsette i barnevernstenestene med fokus på TBO-F, brubygging, korleis ivareta fosterbarnet sin kulturelle, religiøse og etniske identitet. Implementere gode rutinar i tenestene for tett nok samarbeid med fosterforeldre og biologiske foreldre. Kvalitetssikre fosterheimsgodkjenningar.<br><br>Til fosterbarnets beste | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Marianne Kannelønning<br>marianne.kannelonning@stord.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Solfrid Burkeland Smith<br>Solfrid.Burkeland.Smith@stord.kommune.no |
| **14.** | **Styrking av barnevernsvaktordninga**<br><br>Prosjekt avslutta i 2023 | Vertskommune:<br>**Øygarden**<br><br><u>Kommunane i prosjektgruppa:</u><br>Øygarden og Askøy | RKBU Vest | **2020 - 2023** | <u>Hovudmålet</u> var å utvikle og pilotere modell for interkommunal aktiv barnevernsvakt med mål om å få til ein beredskap i kommunane med høg kvalitet. Forebygge hasteplasseringar.<br><br><u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Kartlegge behov og status i kommunane, utarbeide forslag til organisering og oppgåver i en aktiv interkommunal barnevernsvakt. Utarbeide informasjonsstrategi for å gjere kjent ny aktiv barnevernsvakt til innbyggarar og samarbeidspartnarar. Utvikle, teste ut, evaluere og implementere barnevernsvakta. Dele erfaringane med dei andre kommunane i Vestland. Frå 2021 vart prosjektet utvida. Prosjektet førebudde og starta opp eit familieteam som skal bidra til god ivaretaking av barn og forelde i akutte situasjonar og sette i verk tiltak for å forebygge hasteplasseringar.<br><br>Styrking av barnevernsvaktordninga | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Hege Gundersen<br>hege.gundersen@oygarden.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Elisabeth Mallesvik<br>elisabeth.mallesvik@askoy.kommune.no |
| **15.** | **Frå barnet sitt vindauge (FBV)** | Vertskommune:<br>**Øygarden**<br><br><u>Kommunane i prosjektgruppa:</u><br>Øygarden og Askøy | RVTS Vest og Universitetet i Bergen | **2021 -** | Barn som bur i fosterheim skal oppleve ein trygg og kjærleg omsorgssituasjon gjennom ei samla ivaretaking, der ressursane frå både foreldre, fosterforeldre og øvrig familie kjem barna til gode – også når dei bur i fosterheim.<br><br>Prosjektet har utvikla ein modell for oppfølging etter omsorgsovertaking og oppfølging av familiar med fosterheim som hjelpetiltak. Modellen inneheld malar og samtaleverktøy som skal komplementere kvarandre med å sikre strukturert og målretta oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking, regelmessige evalueringar, og regelmessige vurderingar av spørsmål om samværsomfang og tilbakeføring.<br><br>Malane skal og bidra til å sikre grundige analyser og avgjerdsprosessar i vurderinga av om barnevernstenesta skal fremme sak for barneverns- og helsenemnda om tilbakeføring av omsorgsansvar, fortsette prosessarbeidet med mål om gjenforeining eller oppgi gjenforeiningsmålet.<br>Samtalekorta er samtaleverktøy som skal bidra til å skape strukturerte, oversiktlege og trygge samtalar om komplekse tema.<br><br>Prosjektet har også integrert ein systemisk modell for fosterbarnsomsorga, Landsbymodellen. Landsbymodellen skal sikre heilheit og samanheng, systematikk og individuell tilrettelegging med eit tydeleg utgangspunkt i barnets behov i sentrum.<br><br><u>Hovudinnhaldet i prosjektet og aktivitetar framover:</u><br>• Sikre videre implementering og foredling av produkta frå FBV.<br>• Sikre videre implementering av Landsbymodellen som struktur for systemisk tilnærming til Fosterbarnsomsorg som en naturlig kontekst til foreldreoppfølginga<br>• Sikre videre implementeringsstøtte til begge kommunar<br>• Vurdere behov for og evt utvikle digitalt opplæringsmateriell<br>• Sikre samarbeid med UIB om masterprosjekt og forskingssamarbeid.<br>• Sikre samarbeid med Gullprosjektet<br><br>Frå barnet sitt vindauge | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Hege Gundersen<br>hege.gundersen@oygarden.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Lita Havnevik Erstad<br>Lita.erstad@oygarden.kommune.no |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **16.** | **Prosjekt Zip-team**<br>**- Rekruttering og opplæring av fosterheim i geografisk nærheit** | Vertskommune:<br>**Øygarden**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Øygarden og Alver | Bufetat region Vest | **2022 -** | Hovudmålet er å styrke rekruttering og opplæring av fosterfamiliar lokalt for å sikre at flest mogleg barn kan bli buande i sitt nærmiljø.<br><br>Prosjektet utviklar ein modell for rekruttering og opplæring av nøytrale fosterheimar med utgangspunkt i gjeldande ansvarsfordeling mellom stat og kommune. Modellen skal enkelt kunne tilpassast lokale forhold og dermed nyttast i alle kommunar. Modellen baserer seg på et forpliktande samarbeid mellom Bufetat og kommunen, der eit fast team beståande av faste kontaktpersonar frå Bufetat og kommunen har ansvar for å gjennomføre fastsette oppgåvene knytt til rekruttering og opplæring av fosterheimar. Modellen gjev ei tydleg skildring av arbeidsoppgåvene for Bufetat og kommunen i dei ulike fasane av arbeidet.<br><br>Hovudinnhaldet og aktivitetar i prosjektet framover:<br>• Fortsette pilotering og kvalitetssikring gjennom kontinuerlig samarbeid etter modellen over tid mellom Bufetat og Alver/Øygarden.<br>• Prosjektet ønsker og bidra som gode ambassadørar i aktivitet for å styrke tillit og samarbeidsklima mellom Bufetat og kommunar når det gjelder rekruttering og opplæring av fosterheimar.<br>• Prosjektet samarbeida om deling i regionen gjennom Gullprosjektet i læringsnettverket.<br><br>Rekruttering av fosterheimar i geografisk nærleik | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Hege Gundersen<br>hege.gundersen@oygarden.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Lita Havnevik Erstad<br>Lita.erstad@oygarden.kommune.no |
| **17.** | **Rett hjelp der barnet bur**<br><br>Prosjekt avslutta i 2023 | Vertskommune:<br>**Stord**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Sunnhordaland Interkommunale Barnevernsteneste (Bømlo, Fitjar, Stord), Utsira, Karmøy, Bokn og Haugesund. | NUBU | 2022 - 2023 | Hovudmålet for prosjektet var at familiar i dei kommunane får tilgang til meir fleksible tiltak som gjer familien rett hjelp der barnet bur, som dekker det eksisterande gapet mellom behov for hjelpetiltak i heimen og utflytting, og som difor hindrar at barn må flytta vekk frå heimen. Dette vil igjen føra til reduksjon i omsorgstiltak finansiert av offentlege tenester/ressursar.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet<br>Oppretta eit MST-CAN-team (Multisystemic Therapy – Child Abuse and Neglect). Det er ei evidensbasert behandling for familiar der det førekjem vald og omsorgssvikt mot born.<br><br>Rett hjelp der barnet bur/MST-CAN | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Marianne Kannelønning<br>marianne.kannelonning@stord.kommune.no<br><br>**Kontaktperson i vertskommunen:**<br>Malene Rosland Eldøy<br>Malene.rosland.eldøy@stord.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Gunborg Irene Spissøy Kyvik<br>Gunborg.Irene.Spissoy.Kyvik@stord.kommune.no |
| **18.** | **Ser de meg?**<br>- eit tverrfagleg samarbeid i barnehagen, tidleg oppfølging og riktig handling | Vertskommune:<br>**Askøy**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Samnanger | KORUS Bergen | **2023 -** | Hovudmålet for prosjektet er å styrke evna til tidleg identifisering av barn og familiar som har behov for hjelp og støtte, og gi hjelp raskare på eit lågterskel nivå.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet<br>Tilsette med barnevernsfagleg kompetanse i barnehagane | **Barnevernsleiar i vertskommunen og prosjektleiar:**<br>Esther Vetås<br>Esther.vetås@askoy.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar frå januar 2024:**<br>Anne-Brit Sveine<br>Anne-Brit.Sveine@askoy.kommune.no |
| **19.** | **Rettleiing i Vestland** | Vertskommune:<br>**Kvinnherad**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Sunnfjord, Luster, Aurland, Lærdal, Høyanger, Osterøy, Vaksdal, Modalen og Årdal. | RKBU Vest | **2023 -** | Hovudmålet for prosjektet er at alle tilsette i barnevernstenestene skal få god og systematisk rettleiing, og at alle tenestene skal ha tilgang til kompetanse på rettleiing.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet<br>- Lage ordningar som sikrar fagleg god og jamnleg rettleiing i alle tenestene<br>- Auke kompetansen på rettleiing i tenestene<br>Få ei meir felles forståing av kva rettleiing er, og kva den bør innehalde | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Linda Liabø Gråfe<br>Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Solveig Hus Hansen<br>solveig.hus.hansen@kvinnherad.kommune.no |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **20.** | **Betre rekruttering – fosterheim i barnet sitt nærmiljø** | Vertskommune:<br>**Stord**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Fitjar, Bømlo og Tysnes | Bufetat region Vest | **2023 -** | Hovudmålet for prosjektet er å styrke arbeidet med rekruttering av fosterheimar i barne sitt utvida nettverk og nærmiljø.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet<br>Prosjektet skal gjennomførast ved å utarbeide nye og systematiske arbeidsmåtar for kartlegging og rekruttering av slike fosterheimar. | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Marianne Kannelønning<br>marianne.kannelonning@stord.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Jill Christin Kildal<br>Jill.Christin.Kildal@stord.kommune.no |
| **21.** | **Kompetent og trygg i møte med vold i nære relasjoner** | Vertskommune:<br>**Bergen**<br><br>Kommunane i prosjektgruppa:<br>Voss<br><br>Samarbeidsprosjekt:<br>Sandnes | RVTS Vest | **2024 -** | Hovudmålet er å forbedre barnevernets håndtering av voldssaker ved å utvikle og implementere differensierte fremgangsmåter som reduserer belastningen på barna, øker samarbeidet med familiene, og sikrer en helhetlig og tilpasset tilnærming til forebygging og håndtering av vold i nære relasjoner.<br><br>Hovudinnhaldet i prosjektet<br>- Utvikle spesifikke tiltak for å redusere belastingen for barn i voldssaker<br>- Utvikle strategier og kommunikasjonstiltak for å auke samarbeidet med familiene<br>- Utvikle differensierte prosedyrer og verktøy/fremgangsmåter basert på alvorlighetsgrad<br>- Utvikling av spisskompetanse på vold i barnevernvakt og mottak | **Kontaktperson i vertskommunen:**<br>Bergen kommune, etat for barn og familie, omfattar alle byområde<br>MariaElisabethL.Norheim@bergen.kommune.no<br>Joachim.Bjerkvik@bergen.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Gunhild Neerland<br>Gunhild.neerland@bergen.kommune.no |
| **22.** | **Med blikket festet på barnet – gjennom bekymringsmelding, undersøkelse og hjelpetiltak** | Vertskommune:<br>**Øygarden** | RVTS Vest | **2024 -** | Hovudmålet er å utvikle konkrete verktøy som kan bidra til å styrke og kvalitetssikre arbeidet med behandling av bekymringsmeldingar, gjennomføring av undersøkingar i både akutte og mindre akutte saker, samt styrke hjelpetiltaksarbeidet i kommunane.<br><br>Prosjektet vil gjennom konkrete verktøy og malar bidra til å styrke og sikre forvaltningsprosessar og vurderingar av barnets beste i alle fasar av en barnevernssak. Prosjektet vil ha et tydeleg utgangspunkt i barnets behov i sentrum og sikre at denne kunnskapsmodellen vert omsett til praksis. Prosjektet vil også ta utgangspunkt i oppdaterte retningslinjer og føringar for behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar, samt grunnmodell hjelpetiltak. | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Hege Gundersen<br>hege.gundersen@oygarden.kommune.no<br><br>**Prosjektleiar:**<br>Silje Samland<br>Silje.Samland@oygarden.kommune.no |
| **23.** | **Samvær** | Vertskommune:<br>**Haugesund**<br><br>Kommunane i prosjektet:<br>17 barnevernstenester som dekker barnvern for 24 kommuner i Rogaland og Vestland. | RKBU Vest og Bufetat | 2024- | Hovudmål: Barn som bur i fosterheim har godt tilrettelagte samvær og møter ei barnevernsteneste som har god kompetanse til å vurdere gjenforeiningsspørsmålet.<br><br>Innan 15.12.24 har vi utvikla arbeidsmodellar til barnevernstenestene som sikrar at barn har godt tilrettelagte samvær og møter ei barnevernsteneste som gjer gode vurderingar av foreldrenas samværskompetanse og mogelegheit for gjenforening.<br><br>Arbeidsmodellen (basert på nyaste forsking og retningslinjer) skal innehalde:<br>- Modell for samværsanalyse og observasjonskompetanse<br>- Rutinebeskrivelser og maler når det gjelder arbeid med samvær, oppfølging av foreldre og vurdering av mogelegheit for gjenforening.<br>- Modell for opplæring. | **Barnevernsleiar i vertskommunen:**<br>Liv Kjersti Kvalevaag<br>liv.kjersti.kvalevaag@haugesund.kommune.no<br><br>**Prosjektleiarar:**<br>Owe Myklebust<br>owe.myklebust@haugesund.kommune.no<br>Tina Salte Rosland<br>Tina.salte.rosland@haugesund.kommune.no<br>Trine Charlotte Ring Voll<br>Trine.charlotte.ring.voll@haugesund.kommune.no |